

---

**Fra:** Anne Wergeland  
**Sendt:** tirsdag 17. desember 2019 15:21  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Leif Bjørnar Hopland; Torgeir Arne Lid  
**Emne:** Svar på Høyring - framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

**Kategorier:** Gul kategori

Til  
rådgjevar oppvekst Leif Bjørnar Hopland

Uttale frå SU ved Seim skule

**SU samla til møte 13.desember 2019 har følgjande uttale til framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune:**

**Sak 27/19 Høyring - vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune**

**Ad. punkt 3. Opptaksmynde og opptakskriterium**

SU ønskjer tydelegare skildring/rettleiing av kva som meinast med 'å kunna gjere seg nytte av SFO-tilbodet'. Vi ser det som særskild viktig å ha ein dialog om det enkelte barn sitt behov. Kva saksgang ser ein for seg? Kva sak bør avsluttast med eit administrativt vedtak frå skuleeigar til skule.

**Ad.punkt 4. Opptaksperiode og oppseiing av plass på skulefritidsordninga**

Det er ei gledeleg endring at det i dette framlegget ikkje står noko om at SFO om morgonen skal reknast frå 7.30 uansett frammøtetid. Dette gjev familiane fridomen til å bestille SFO etter behov også før skuletid, noko som kan gje meir SFO-tid å nytta om ettermiddagen.

Vi reknar med at det i 2020 vert for kort tid mellom vedtekter (20.febr) og søknadsfrist 1.mars. Vert søknadsfrist utsett i 2020?

Det bør presiserast tydelegare i vedtektene at SFO er stengd jul- og nyttårsaftan.

**Ad. punkt 5. Foreldrebetaling**

Me ønskjer ein sats for 10-mnd og ein annan for 11-mnd, slik me har hatt i Lindås kommune. Det kan sjå ut som det er ikkje er planen ifølgje dette framlegget.

Skilnaden er at om det er ein sats for 10-mnd og ein annan for 11-mnd, vil det vera same beløpet å betala kvar mnd, noko som er føreseieleg for familiane.

Er det derimot same sats for både 10- og 11-mnd, vil det i feriane sei at sjølv om ein betaler for full plass, må ein i ein ferie betala ekstra når ein har passert timane som er maks SFO-tid i skuleveker. På Seim skule er det maks 20 timar. Til samanlikning har ei full ferie-veke på SFO 45 timar.

**Ad. punkt 6. Bemanning og leiing**

I dei nye vedtektene er det sagt at det som regel ikkje skal vera meir enn 14 barn pr. tilsett. Dette er ei betring for Lindås kommune, som no ligg på 15 barn pr tilsett. Med fleire vaksne vert tilbodet betre.

Seim skule 17.desember 2019  
Anne Wergeland - rektor